



Sist oppdatert: 09.07.2019

Dette er ein "Travel like the locals"-tur eller på norsk «Reis som dei lokale». Desse turane går med ordinære rutebussar, ferjer og hurtigbåtar, men vi har planlagt reisa for deg slik at du kan konsentrere deg om å nyte turen. Du reiser på eiga hand – det er ingen guide eller turleiar med. På dei fleste turane må du bytte mellom ulike transportmiddel fleire gonger, og du er sjølv ansvarleg for å kome med på neste etappe – på same måte som dei lokale reisande! (Turane er lagt opp slik at bussar, ferjer og hurtigbåtar korresponderer.)

Rundtur frå Skei til Movika og Førde

Skei – Movika – Førde – Skei

Skei er ein vakker liten tettstad ved den nordaustlege delen av Jølstravatnet, like vest for Jostedalbreen nasjonalpark. Dette området har blitt forma av isbrear og vatn i konstant bevegelse. Turen startar ved Circle K i sentrum.

Explore Sunnfjord har base ved brygga på Skei, og her er det utleige av båt, kajakk, sykklar, SUP-board osv. Naustet midt i sentrum, ved Jølstravatnet, er også utgangspunkt for Bre og Fjell sine daglege guida turar til Haugabreen i Stardalen, Jølster.

Heimen til den kjende målarer Nikolai Astrup (1880 - 1928), Astruptunet, ligg på sørsida av Jølstravatnet. Nikolai Astrup fann inspirasjon og motiv til sine fantastiske verk i den omkringliggjande naturen. Det livgjevande vatnet som skjerer seg gjennom landskapet, dei vekslende årstidene og det skiftande lyset var ei konstant inspirasjonskjelde for Astrup. Naturen i området har ofte same effekt på besøkande.

Å køyra langs Jølstravatnet med buss er ei fantastisk oppleving. Då ser ein verkeleg kor fargane speglar seg i vatnet, og får god forståing for kor Astrup henta inspirasjon frå.

Etter 50 minutt med buss frå Skei kjem de til Movika. Her ligg Sunnfjord Museum. Sunnfjord Museum tilbyr guiding, skiftande utstillingar og arrangement, urtehage og museumsbutikk, og leiger ut hus og lokale til møteverksemd og fest. Museet ligg ved Movatnet like aust for Førde sentrum og er ope heile året, med størst aktivitet i friluftsmuseet i sommarsesongen.

10 minuttar i buss frå Movika ligg Førde. Førde er ein liten småby med kafear, restaurantar, hotell og shoppingmogelegheiter.

Dette dokumentet er ikkje gyldig som billett.



Det er og mogeleg å vitja Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Bygget som museet held til i, har fått ein internasjonal pris for sin spesielle arkitektur (arkitekt: C. F. Møller). Bygget symboliserer ei isblokk som har kome ned frå fjella som ligg kring byen. Museet produserer basisutstillingar med kunst frå eigne samlingar og skiftande utstillingar med samtidskunst. Omvising med guide på førespurnad. Museet har og ein kunst- og bokbutikk og kafé.

På heimturen frå Førde til Skei kan du setja deg godt tilbake i setet, og fordøya alle inntrykk; den flotte naturen langs Jølstravatnet, den spennande kulturen i Førde og den inspirerande staden Movika, med Sunnfjord Museum.

Avgang frå: Skei terminal

Tidtabell

Skei - Movika - Førde - Skei			
		Måndag - fredag	Buss/båt-linje
Frå	Skei terminal	10:50	520 (buss)
Til	Movika	11:20	
Frå	Movika	13:55	505 (buss)
Til	Førde rutebilstasjon	14:10	
Frå	Førde rutebilstasjon	18:15	505 (buss)
Til	Skei terminal	19:05	

Dette dokumentet er ikkje gyldig som billett.